



Arkivnr: 2018/17462-42

Saksbehandlar: Eirik Knive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

## Friluftslivets ferdselsårer 2019

### Samandrag

I regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt 2019-2023 for å identifisere, ivareta, utvikle og tilrettelegge friluftslivets ferdselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Målet for prosjektet er fleire ut på tur, at befolkninga utøver friluftsliv jamleg, auke tilgjengelegheita for å utøve friluftsliv og få flest mogleg kommunar til å utarbeide planar for friluftslivets ferdselsårer for å systematisere dette arbeidet.

Friluftslivets ferdselsårer er ei vidareføring av arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdisetting av friluftsområde (som vert fullført i alle kommunane i Hordaland i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper.

### Rettleiar frå Miljødirektoratet

Prosjektet skal auke kunnskapsgrunnlaget om dei ferdselsårene kommunane har, kva behov dei dekkjer og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet. Det er utvikla ein rettleiar frå Miljødirektoratet, [plan for friluftslivets ferdselsårer](#) (M-1292), for å få ein systematisk og metodisk tilnærming til arbeidet.

Arbeidsprosessen har 4 steg:

- Steg 1: Oppstart - forankring/vedtak, utarbeide prosjektplan og etablere prosjektgruppe og annonsering
- Steg 2: Kartlegge nå-status - ferdselsårer, turruter og målpunkt, supplere kartlegging ved involvering av eksterne, registrere trasear og målpunkt relevant for arbeidet og innhente anna relevant informasjon.
- Steg 3: Kvalitetssikre mål, foreslå tiltak, prioritere
- Steg 4: Samanstill planen, høyring og vedtak.

### Ansvar og roller

Hordaland fylkeskommune si rolle i prosjektet er koordinering regionalt, rekruttere og motivere kommunar til igangsetting, følgje opp enkeltkommunar med rettleiing, leggje til rette for erfaringsutveksling og opprette ei regional rådgjevande gruppe for å sikre tverrfagleg arbeid i prosjektet (m.a. dei regionale friluftslivorganisasjonane).

Hordaland fylkeskommune har ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd som gjeld ut 2019 om at dei skal tilby kommunane i Hordaland fagleg bistand til å få gjennomført kartlegging og verdisetting av friluftsområder i kommunane (2014-2019) i tråd med den nasjonale rettleiaren. Erfaringane med å ha ein prosjektleiar som kan bistå kommunane er svært positiv, og denne arbeidsmodellen er tenkt vidareført i prosjektet friluftslivets ferdselsårer (2020-2023). Arbeidet er starta opp i enkelte kommunar og fylkeskommunen deltek i ei nasjonal rådgjevande gruppe for arbeidet. Vedlagt er forslag til ein samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Bergen og Omland friluftsråd. Kommunane får tilbod om lokal prosjektleiar for å følgje rettleiar M-1292, samt digitalisering av innsamla data. Kommunane i Sogn

og Fjordane som ikkje er ferdig med kartlegging og verdisetting av friluftsområda kan og få bistand til digitalisering av innsamla data.

### Ressursar

Første utlysning av den fylkeskommunale tilskotsordninga *friluftslivets ferdselsårer* var i desember 2018 etter fylkestingsvedtak av budsjett for 2019. Miljødirektoratet vart forsinka med utviklinga av det nasjonale prosjektet, m.a. vart rettleiar M-1292 først klar i midten av mars 2019. Konkretiseringa av retningslinjer og tydeleg presentasjon av prosjektet overfor kommunane i Hordaland vart såleis vanskeleg innan søknadsfristen 15. februar. Det kom inn 9 søknadar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 24.04 at det vart sett av kr 535.000 til eigendel i søknad om statlege midlar frå Miljødirektoratet, og kr 1.031.000 til ny utlysning til friluftslivets ferdselsårer med søknadsfrist 1. oktober. I brev av 11.04.19 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt kr 450 000 frå Miljødirektoratet til arbeid med friluftslivets ferdselsårer. Desse midlane skal nyttast til prosjektleiing, nettvekssamlingar, reisekostnadar og prosjektmidlar til kommunane.

### Retningslinjer for ordninga

Av utlysningsteksten går det fram at ein får støtte til prosjekt som fremjar planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Tiltak der målgruppa har medverka blir prioritert. Kommunar og organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide. Det blir ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til dri

ft av anlegg. Prioriterte prosjekt er:

- Registrering av data inn i nasjonal database for tur- og friluftsruter (rettikartet.no)
- Utarbeiding av ein heilskapleg kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer, i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet.
- Dokumentasjon av ferdsel på turveg, sti- og løypetrasear (turteljarar)
- Merking og gradering av eksisterande ferdselsårer (turvegar, turstiar og turløyper) og/eller turkort.

Det kom inn 17 søknadar. 13 søknadar gjaldt utarbeiding av kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer, 5 søknadar omhandla tilrettelegging med skilting og merking av ferdselsårer. Alle søknadane fyller vilkåra for tilskot, og er i tråd med rettleiar M- 1292. Ordninga krev minimum 50 % eigenfinansiering.

**Økonomi:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å setje av kr 1.031.000 til ny utlysning til friluftslivets ferdselsårer 24.10.2019. I tillegg vert prosjektmidlar på kr 536.000 frå løyving i KIRU 24.04 + kr 235.000 av det statlege tilskotet lagt til. Såleis er det totalt kr 1.805.000 til fordeling.

**Klima:** Prosjektet vil føre til eit planstyrt arbeid med tilrettelegging av friluftslivets ferdselsårer slik at dei rette tiltaka vert gjort på dei rette stadane til rett tid.

**Folkehelse:** Tiltaket er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

**Regional planstrategi:** Tiltaka er med på gjennomføring av punkt 2.2 i regional planstrategi: eit inkluderande samfunn. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

Generelt	
Budsjett	1 805 000
Søknadsfrist 2019	1. oktober
Vedtak kriterier og informasjon om ordninga:	<a href="#">Friluftslivets ferdselsårer</a>
Tal på søknadar	17
Tal på søknadar som er tilrådd støtta	17
Samla søknadssum	1 119 891
Tilrådd til fordeling til innkomne søknadar	1 055 000
Kompetansehevande tiltak	750 000

**Forslag til vedtak**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek ekstra tildeling til friluftslivets ferdselsårer for 2019 kr 1 805 000 over budsjettpost 400.450.27 slik:

1. Fordeling til innkomne søknadar som vist i tabell under:

Nr	Tiltak	Søkar	Kommune	Kostnad	Søkt	Tilråding
1	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Askøy kommune	Askøy	120 000	60 000	60 000
2	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Austevoll kommune	Austevoll	120 000	60 000	60 000
3	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Fitjar kommune	Fitjar	120 000	60 000	60 000
4	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Fjell kommune	Fjell	120 000	60 000	60 000
5	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Fusa kommune	Fusa	120 000	60 000	60 000
6	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Lindås kommune	Lindås	120 000	60 000	60 000
7	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Meland kommune	Meland	120 000	60 000	60 000
8	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Os kommune	Os	120 000	60 000	60 000
9	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Radøy kommune	Radøy	120 000	60 000	60 000
10	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Stord kommune	Stord	120 000	60 000	60 000
11	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Sund kommune	Sund	120 000	60 000	60 000
12	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer	Øygarden kommune	Øygarden	120 000	60 000	60 000
13	Kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer, og skilting og merking av turstiar.	Samnanger kommune	Samnanger	370 000	185 000	185 000
14	Skilting og merking av sti	Bømlo Tur og Sogelag	Bømlo	100 000	70 000	30 000
15	Skilting og merking av sti	Redningshytten på Gullfjellet Stiftelsen	Bergen	17 391	17 391	8 000
16	Skilting og merking av sti	Ryvarden Kulturfyr	Sveio	154 875	77 500	77 000
17	Skilting og merking av sti	Stølsvegen Venelag	Vaksdal	85 200	50 000	35 000
	Totalt			2 167 466	1 119 891	1 055 000

2. Kr 750.000 vert avsett til kompetansehevande tiltak i form av informasjonsmøter for kommunen, erfaringssamlingar, følgje opp kommunen til å nytte datagrunnlaget aktiv og utføre tiltak i etterkant, og motivere resten av kommunane til prosjektdeltaking i 2020 – 2023.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*